

Ei svart stripe mellom viljen og motviljen



Diktet du skal lese, er frå samlinga *Vårar seinare* av Anna Kleiva (2014). Det er vår, og «bilane renn gjennom gatene»:

bilane renn gjennom gatene
tek hol på våren
med eit sveiv

og noko mørkt veks
i ansikta bak frontrutene

som om vegen dei følgjer ikkje er den
framfor seg, men ein innover, bakover
til ein ør stad i hjernen

det heiter seg
at ein ikkje skal tenkje på slikt

dei tenkjer på slikt likevel
det kjem som ein farge, eit hjarteklapp

eit stup, eit sinne, ei togn
ein mangel, ein latskap

eller eit bremsespor, ei svart
stripe mellom viljen og motviljen

Frå *Vårar seinare*, Oktober, 2014

Oppgåver til diktet

1. Om du skulle teikne dette diktet, kva ville du teikna?
2. Kva for ei stemning er det i diktet, synest du? Kva er det som skapar denne stemninga?
3. Sjåførane i bilane i diktet tenkjer på noko mørkt som folk seier at ein *ikkje* skal tenkje på. Kva kan det vere? Kom gjerne med fleire forslag.
4. Dei mørke tankane kjem til sjåførane på mange måtar, mellom anna som ein *farge*, ein *hjarateklapp* og eit *stup*. Kva kan desse samanlikningane fortelje oss om måten vi menneske tenkjer på?
5. I samlinga diktet er frå, handlar mange av dikta om unge menneske som mistar livet i bilulykker. Når du veit det, tenkjer du da annleis om kva dei mørke tankane til sjåførane er, eller om kva diktet handlar om?
6. Kva for musikk passar til diktet? Foreslå gjerne ein konkret song.
7. Kva tenkjer du på når du sit i ein bil, på ein buss eller på eit tog? Trur du det å vere i bevegelse, påverkar tankane dine på nokon måte?
8. Nokre av oss synest det er lettare å snakke om vanskelege ting når vi sit i ein bil enn elles. Kvifor kan det vere sånn, trur du?